



Hjelmås Vvs AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3007 - 18/32677

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
30.10.2018

Førebels svar med trong for tilleggsopplýsing - gbnr 202/108 Hjelmås

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 01.10.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt kart der leidningstrasè er teikna inn fram til påkoplingspunkt, det kan sjå ut som innsendte kart ikkje syner korrekt leidningstrasè.
2. Koordinatlista av leidningstrasè fram til påkoplingspunkt

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **27.11.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing



Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sylvia Judit Staff

Bølgebakken 11 6507

KRISTIANSUND N

Mottakarar:

Hjelmås Vvs AS

Torvhusmyrane 2 5913

EIKANGERVÅG